

Det moderne norske demokratiet og den norske kulturnasjonen er tufta på ideane og den politikken som dei nasjonale strategane forma ut under Venstre-staten sin epoke. Høgre-folk med historisk medvit har for lenge sidan innsett dette. A. G. Andersen heng derimot fast i fordommane mot dialektane frå 1950-åra, og har vanskar med å godta at unge menneske i dag fritt nyttar sitt naturlege talemål, og at dei såleis «ønsker å leve ut sine dialekter».

A. G. Andersen må jamvel ty til ein desperat påstand om at «også nazi-Norge omfavnet nynorsken». Av vårt rikhaldige reservoar av døme på det motsette skal vi berre nemne dette: Quisling sjølv la vekk sin eigen dialekt til fordel for å snakke bokmål, og han skamslo tenesteguten heime på prestegarden i Fyresdal då han minna Quisling om dette, jf. Aftenposten 12.12.1999. La oss og nemne at aldri har lov om målbruk i statstenesta vore meir broten enn under krigen, dvs. det blei konsekvent brukt bokmål (og tysk) der staten skulle ha skrive nynorsk. Mindre omfamning av nynorsk enn det var under krigen, har det aldri vore her til lands.

*Firmaner i Målbruket:*



*M. p. Grebø 10-11*